

Referat frå styremøte



Sted: Peisestova Dølehalli
Tid: Torsdag 11. april 2019 Kl.: 19:00 – 20:30
Til stades: Geir Notodden, leiar
Björg Nordlien, medlem
Hege Bjåland, medlem.
Eivind Nordjordet, medlem
Terje Nilsen Haugen, varamedlem
Solveig Jamgrav, rekneskapsførar

Kopi til: Eivind Berge, medlem
Astrid Åmot, varamedlem
Nunnun Gjersund, varamedlem
Ottar Gjersund, varamedlem

Varamedlemmer vert innkalla til alle styremøte og mottok alle referata. Disse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når dei stiller for ein namngitt fast representant. Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemmane møter i ditt namn.

Sak 5/19 **Rekneskap**
Solveig orientera kort om rekneskapstal.
Me har nå betale forsikring for heile året og det har vore mindre utgifter til vedlikehald.
Bankkonto er redusera til ca. kr. 60.000,-
Behandling:
Styret tek rekneskapsinformasjonen til etterretning
Konklusjon:
Me har ikkje handlingsrom for å gjera investeringar utover det som allereie er planlagd.
Handling:
Inga moglegheiter til å nytta penning til andre føremål enn dei som er budsjettert.

Sak 1/19 **Påskelotteriet**
Om 4H ikkje held lotteri på bui, så er Dølehalli interessera i å taka over den stafettpinnen.
Behandling:
Me har fått informasjon om at 4H er i gang med lotteri til påske.
Konklusjon:
Ikkje påskelotteri arrangera av Dølehalli dette året.
Handling:
Me ynskjer 4H til lukke med utloddinga.

Sak 4/18 **Skulebygget**
Dei nye leigebuarane er på veg til Norge rett etter påske.
Kjellaren synast nå å vera tørr langs yttervegg.
Behandling:
Leiar informera om dei innkjøp som har vore gjort for å pusse opp leilegheita.
Vidare vil det bli gjort ytterlegare inn kjøp for å vidareføre oppussinga saman med leigebuar.
Konklusjon:
Me vidarefører planane og syter for at det blir gjort ein skriftleg avtale om utleige.
Handling:
Leiar setter opp eit forslag til leigekontrakt.

Sak 6/19 **Dyrsku'n arrangement, avtale.**
Avtale er sendt til alle medlemmar i styret.
Behandling:
Leiar informera kort om dei diskusjonane som har vore i forbindelse med ny avtale.
Konklusjon:
Styret tek informasjonen til etterretning.

Handling:

Leiar underteiknar avtale og sender denne i retur til oppdragsgivar.

Sak 7/19

Vårdugnad

Som vanleg er det noko å gjera når våren kjem. Og i år bør dette gjerast før me leiger ut huset til konfirmasjon.

Behandling:

Styret gjekk gjennom dei naudsynte arbeida som må gjerast i sumar og blei einige om at dessa måtte utførast stegvis gjennom detta halvåret.

Nestleiar Bjørg Nordlien og ektemann Bjørn har gjeve to sett med utemøblement til Dølehalli. Ei gjev gåve som sikkert settast pris på gjennom heile sumaren.

Konklusjon:

Styret blei einige om at følgjande arbeidsoppgåver skal prioriterast:

- Vask av tak og veggjar på kjøkken
- Vinduspuss
- Raking og stell av uteområde
- Bortkøyring av avfall.

Dugnaden ute avsluttast fredag 4 mai 2019 og inne torsdag 2. mai 2019

Handling:

Leiar set opp ei arbeidsliste med ansvarlege personar som sendast ut separat. Dei som da er ansvarlege må sjølv kalla inn naudsynt hjelp til å utføre oppgåva.

Sak 8/19

Leigetakar instruks:

Me har hatt mange nye leigetakarar i det siste og ikkje alle er godt nok kjent med dei reglane som gjeld for leige av huset.

Behandling:

Styret meiner at den informasjonen som heng på dei ulike stadene i bygget skulle vera tilstrekkeleg. Men kanskje det er fleire spørsmål som ikkje det er svar å finne på desse.

Skal det gjerast eit slikt informasjonsskriv bør følgjande moment vera med: Vas, varme, avfall, låsing, vinduer, kopphandkle, forbruksmateriell.

Konklusjon:

Me lagar eit infoark basera på tidlegare erfaringar.

Handling:

Leiar gjer eit forslag som leggjast fram på neste møte.

Sak 9/19

Forsikring

Kva slags forsikring skal me ha på bygget konns i framtida.

Behandling:

Styret har sett gjennom dei ulike tilbod som har komen inn. Leiar informera om kva slags tankar som ligg bak den føreslegne endringa og kva for konsekvensar det vil ha for økonomien.

Konklusjon:

Styret synast at det er vanskeleg å sette ein verdi på eit evt. framtidig grendehus dersom me gjeng over til ein førsterisiko forsikring. Styret ynskjer meir informasjon for å kunne gjera eit slikt val.

Handling:

Leiar for i oppdrag å skaffe meir informasjon om kva ein slik verdi bør vera. Samanliknbare tal for andre grendehus må leggjast fram som referanse på neste møte.